

Budsjett 2014



Budsjettdokument for 2014 og
økonomiplan for 2014 - 17

Kommunestyret sitt
vedtekne budsjett sak 039/13
Dato: 05.12.2013



RADØY
den grønne øya



Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle

Framlegget til budsjett for 2014 bygger på rekneskapan for 2012, justert budsjett 2013 og statsbudsjettet for 2014.

Auken i rammetilskot og skatt frå 2013 er på ca 10 mill, samanlikna med opprinneleg vedteke budsjett for 2013. Denne veksten går med til å dekkja auka pensjonskostnad og lønsvekst. Utanom dette vil netto finanskostnader auka med ca 2,1 mill og mva-kompensasjon frå investeringar fell bort, noko som gir ca 1,1 mill. mindre i drifta. Utvida barnehagetilbod, auka kostnader til samhandlingsreforma og kostnadene ved deltaking i fleire interkommunale tiltak dreg også opp kostnadene i 2014.

Samla sett gjer dette at drifta må redusertast på dei aller fleste tenesteområde i 2014. Det har såleis vore ein krevjande prosess å nå fram til eit budsjettframlegg som så vidt balanserer i 2014. I økonomiplanperioden aukar finanskostnadene ytterlegare, og det må gjerast fleire grep for å halda balanse i åra som kjem.

Organisering

Rådmannen har arbeidd intenst med omorganiseringsprosessen i kommunen, og har no fått på plass eit velfungerande kommunalsjefnivå, med vekt på strategi, målstyring og leiing. Framlegg til strukturen under kommunalsjefane er no ute til høyring i organisasjonen, og endeleg struktur vert fastsett i løpet av desember.

Målstyring

Straks omorganiseringa er sett i verk, vil rådmannen ta opp att arbeidet med målstyring. Formannskapet vil bli jamnleg oppdatert på dette arbeidet.

Arbeidsmiljø

Det vart sist gjennomført medarbeidarundersøking i 2012, og etter planen skal det gjennomførast ny undersøking i 2014.

Det skal også gjennomførast brukarundersøkingar i 2014. Førre brukarundersøking vart gjennomført i 2011.

Sjukefråvær

Radøy kommune har ei tid hatt høgt sjukefråvær hjå tilsette. Vi har i mange år hatt fokus på sjukefråvær, og det skal vi framleis ha. God leiing er ein viktig føresetnad for å kunna få ned sjukefråværet. Gjennom endra organisering vil rådmannen leggja endå meir vekt på leiing og leiarutvikling for å få ned sjukefråværet.

Frie inntekter Skatteinntekter

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2013 til 2014 med 3,3 prosent. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år (2013). Skatteinngangen i budsjettet vert sett til 112,9 mill, i samsvar med KS sin modell for utrekning av rammetilskot, basert på folketal pr 1.7.2013. Skatteinngangen er alltid usikker, og det er i budsjettet for 2014 lagt til grunn same tal som i statsbudsjettet.

Det er fastsett eit maksimalt skatteøyre på 11,4% i statsbudsjettet for 2014, og rådmannen går inn for at dette også vert gjeldande sats for Radøy kommune.

Rammetilskot


Tabellen nedanfor syner korleis rammetilskotet for 2014 er utrekna, etter tal frå regjeringa pr 11.11.2013.

Vi ser at utgiftsutjamninga er noko lågare i 2014 enn i 2013. Dette skuldast i hovudsak tre tilhøve, som gir ulikt utslag. Tal innbyggjarar i aldersgruppa 2-5 år har auka monaleg samanlika med tala for 2013, slik at dette gir auka utgiftsutjamning med ca 2,4 mill. Samstundes syner kriterietala at tal innbyggjarar i aldersgruppa 6-15 år har gått ned, slik at utgiftsutjamninga knytt til dette kriteriet går ned med ca 2,1 mill.

Det største utslaget kjem frå reduksjon i tal eldre over 90 år. Her har vi gått ned frå 70 til 57 personar, og dermed

Rammetilskot (tal i heile tusen)	2013	2014	Endring
Innbyggjartilskot (lik sum pr innbyggjar i heile landet)	108.321	114.449	6.128
Utgiftsutjamning	19.971	16.358	-3.613
Overgangsordningar	-252	1.828	2.080
Ordinært skjøn	3.200	3.200	0
Sum rammetilskot	131.240	135.656	4.595

Folketalsutvikling



Hovudoversikt drift

	Budsjett 2014	Budsjett 2013 regulert	Budsjett 2013 opprinneleg	Rekneskap 2012
Brukarbetalingar	(16 278 000)	(16 066 000)	(16 089 000)	(17 389 294)
Andre sals- og leigeinntekter	(26 054 000)	(25 182 000)	(28 230 000)	(26 613 530)
Overføringar med krav til motytingar	(28 554 000)	(34 008 000)	(34 141 000)	(49 607 439)
Rammetilskot frå staten	(145 386 000)	(140 481 000)	(150 282 000)	(134 736 122)
Andre statlige overføringar	(4 994 000)	(4 557 000)	(4 482 000)	(6 068 523)
Andre overføringar	-	-	-	(153 438)
Skatt på inntekt og formue	(112 879 000)	(108 298 000)	(98 211 000)	(103 141 561)
Eigedomsskatt	(11 521 000)	(11 410 000)	(11 310 000)	(11 228 426)
Sum driftsinntekter	(345 666 000)	(340 002 000)	(342 745 000)	(348 938 333)
Lønsutgifter	195 623 000	191 443 000	188 936 000	195 846 956
Sosiale utgifter	57 350 000	54 443 000	53 430 000	46 449 791
Kjøp som inngår i kommunal prod.	38 099 000	38 416 000	41 677 000	45 338 528
Kjøp som erstattar egen prod.	21 868 000	21 260 000	19 465 000	20 630 346
Overføringar	21 322 000	20 623 000	22 791 000	21 700 733
Avskrivningar	12 358 000	12 544 000	12 017 000	12 545 176
Fordelte utgifter	3 680 000	3 700 000	1 965 000	3 491 790
Sum driftsutgifter	350 300 000	342 429 000	340 281 000	346 003 320
Brutto driftsresultat	4 634 000	2 427 000	(2 464 000)	(2 935 013)
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	(7 155 000)	(7 973 000)	(7 223 000)	(8 559 977)
Mottekne avdrag på lån	(60 000)	(60 000)	(60 000)	(58 386)
Sum eksterne finansinntekter	(7 215 000)	(8 033 000)	(7 283 000)	(8 618 363)
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	6 951 000	6 358 000	6 358 000	6 434 976
Avdragsutgifter	8 354 000	7 622 000	7 622 000	7 347 000
Utlån	60 000	60 000	60 000	151 231
Sum eksterne finansutgifter	15 365 000	14 040 000	14 040 000	13 933 207
Resultat eksterne finansieringstransaksjon	8 150 000	6 007 000	6 757 000	5 314 844
Motpost avskrivningar	(12 358 000)	(12 544 000)	(12 017 000)	(12 545 176)
Netto driftsresultat	426 000	(4 110 000)	(7 724 000)	(10 165 345)
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	(494 501)
Bruk av bundne fond	(1 234 000)	(678 000)	(372 000)	(1 623 901)
Sum bruk av avsetningar	(1 234 000)	(678 000)	(372 000)	(2 118 402)
Overført til investeringsrekneskopen	-	4 579 000	4 192 000	1 925 285
Dekking av meirforbruk frå tidlegare år	-	-	-	2 561 248
Avsetningar disposisjonsfond	-	-	-	2 294 221
Avsetningar til bundne fond	547 000	547 000	(18 000)	3 410 385
Sum avsetningar	547 000	5 126 000	4 174 000	10 191 139
Netto avsetningar	(687 000)	4 448 000	3 802 000	8 072 737
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	(261 000)	338 000	(3 922 000)	(2 092 608)

går utgiftsutjamninga ned med nær 3,5 mill.

Inntektsutjamninga utgjør, med budsjettert skattinnang, kr 9.889.000. Inntektsutjamninga er ein del av rammetilskotet, slik at samla rammetilskot blir kr 145.723.000.

Samla rammetilskot og skatt er såleis kr 258.600.000,-. Dette er rimeleg sikre tal, der endringar i skatteinnang langt på veg vil bli kompensert av endra inntektsutjamning. Her ligg «fordelen» med å ha under 90% av landsgjennomsnittet i skatteinnang, inntektene vert rimeleg føreseielege.

Eigedomsskatten vert føreslegen vidareført med 7‰ som hovudsats, men med redusert sats på 3‰ for bustadeigedomar og ubygde grunnstykke. Det er lagt opp til ein svak auke som følgje av nye bygg som har kome til i løpet av 2013. Rådmannen vil peika på at eigedomsskatten utgjør ein stadig mindre del av kommunen sine inntekter, som følgje av generell løns- og prisvekst.

Andre generelle statstilskot utgjør kr 4.994.000 og består av integreringstilskot og ulike kompensasjonstilskot. Integreringstilskotet aukar noko som følgje av nye flyktningar som har kome

og skal koma i 2014. Auka tilskot kjem grunna auka kostnader, og det vert tilført ekstra midlar til NAV Sosial som kompensasjon for dette.

Samla frie inntekter i 2014 er såleis kr 275.117.000.

Renteinntekter og utbytte er sett til kr 7.155.000. Aksjeutbyttet i BKK er sett til kr 5.911.000, same nominelle sum som i 2013. Renteinntekter av bankinnskot er sett til kr 500.000 og renteinntekter av formidlingslån er sett til kr 744.000. Rentenivået på innskot er knytt til NIBOR, som er marknadsrenta mellom bankane i Noreg. NIBOR vert fastsett for ulike tidsrom, frå ei veke til eitt år.

Budsjettskjema 1A

	Budsjett 2014	Budsjett 2013 regulert	Budsjett 2013 opprinneleg	Rekneskap 2012
Skatt på inntekt og formue	(112 879 000)	(108 298 000)	(98 211 000)	(103 141 561)
Ordinært rammetilskot	(145 386 000)	(140 481 000)	(150 282 000)	(134 736 122)
Eigedomsskatt	(11 521 000)	(11 410 000)	(11 310 000)	(11 228 426)
Andre generelle statstilskot	(4 994 000)	(4 557 000)	(4 232 000)	(5 158 523)
Sum frie disponible inntekter	(274 780 000)	(264 746 000)	(264 035 000)	(254 264 632)
Renteinntekter og utbyte	(7 155 000)	(7 973 000)	(7 223 000)	(8 559 977)
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutg	6 951 000	6 358 000	6 358 000	6 434 976
Avdrag på lån	8 354 000	7 622 000	7 622 000	7 347 000
Netto finansinntekter/-utgifter	8 150 000	6 007 000	6 757 000	5 221 999
Til dekking av meirforbruk frå tidl. år	0	-	0	2561248
Netto avsetjingar	-	-	-	2 561 248
Overført til investeringsrekneskapen	-	4 579 000	4 192 000	1 925 285
Til fordeling drift	(266 630 000)	(254 160 000)	(253 086 000)	(244 556 100)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	266 369 000	254 498 000	249 164 000	242 463 492
Meirforbruk/mindreforbruk	(261 000)	338 000	(3 922 000)	(2 092 608)


Referansen vår er 3 månaders NIBOR. I starten av året låg NIBOR på 1,82%, men har i løpet av året falle til 1,67 ved utgangen av oktober. Dette, kombinert med reduserte plasseringar, gir monaleg mindre renteinntekter i 2014 enn i 2013.

Renteinntekter av formidlingslån er knytt til rentekostnader på lån til vidare utlån i Husbanken, og er tilnærma eit nullspel. Likevel blir det ein viss gevinst ved å låna opp startlån frå Husbanken tidleg i året, og ha dei ståande på gode rentevilkår.


Renteutgiftene er estimert til 6.951.000 i 2014. Kommunen har fastrenteavtale på tre lån i Kommunalbanken, bundne til 3,26% fram til 22.08.2014. Saldo på desse fastrentelåna er pr 30.10.2013 kr 92.508.260,-. Rådmannen vil følgja nøye med på utviklinga i rentemarknaden, og vil då vurdera ny rentebinding. I budsjettala er lagt inn overgang til flytande rente når bindingstida er omme. Vidare har kommunen fastrente på nokre lån i Husbanken, bunde til 2,1% i 5 år frå november 2012. For dei resterande låna, ca kr 100.000.000,- har vi flytande rente. Den flytande renta i Kommunalbanken er for tida 2,25%.

Renteutviklinga for flytande rente er framleis uviss. På Noregs bank sitt rentemøte 23. oktober vart styringsrenta framleis halden uendra på 1,5%. Mykje tyder på at rentenivået vert liggjande ganske flatt i heile 2014, men med noko auke frå 2015.

Netto lånegjeld pr innbyggjar



Figur 1.14a Anslag på styringsrenten i referansebanen med sannsynlighetsfordeling. Prosent. 1. kv. 2008 – 4. kv. 2016



Kilde: Norges Bank

Rådmannen har valt å setja rentenivået i 2014 til 2,5% på lån med flytande rente. Dette er gjort med utgangspunkt i vurderingar frå ma. Kommunalbanken.

Avdrag er sett til kr 8.354.000 i 2014. Kommunen er pålagt å betala avdrag kvart år, og det er fastsett retningsliner for å rekna ut minsteavdrag, der ein tek omsyn til årlege avskrivningar, verdi av eigendelar og lånegjeld. For 2014 er minsteavdrag estimert til 8,2 mill, men rådmannen ønskjer å ha ein viss sikkerhetsmargin.

Brutto lånegjeld, inkl. lån til vidare utlån, vil pr 1.1.2014 vera kr 252 mill. Med planlagde låneopptak og avdrag i 2014, vil lånegjelda auka til ca 257 mill ved utgangen av 2014. Netto lånegjeld, dvs. brutto lånegjeld minus lån til vidare utlån, vil vera ca 226 mill.

Eit mykje nytta samanlikningstal for å vurdere gjeldsnivået er netto lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter. Dei siste åra har lånegjelda rekna på denne måten gått ned frå over 65% i 2009 til knappe 55% ved utgangen av 2012. Vi ligg godt under kommunegruppa vår, som hadde ca 67,4%. Dette tyder på at Radøy kommune har ei lånegjeld som er lågare enn mange andre kommunar, men likevel er gjelda høg i absolutte tal. Kommuneøkonomien vil difor bli direkte påverka av sjølv ein mindre auke i rentenivået.

Netto finansresultat vert ca kr 8,2 mill, som netto kostnad, ein auke på nær 2,2 mill samanlikna med 2013.

Frå 2014 skal all kompensasjon for mva knytt til investering også bokførast som inntekt i tinvesteringsrekneskapen, etter nye reglar. Dette er også gjennomført i budsjettet for 2014, og det blir inntektsført ca 3,7 mill som mva-kompensasjon i skjema 2A. I 2013 vart det budsjettert netto inntekt på ca 1,2 mill i drifta av slike investeringar. Dette blir altså nok ei innstramming av drifta i 2014 samanlikna med 2013.

Samla kan det nyttast kr 266.967.000 til drift i 2014. Dette er auke på ca 12 mill frå 2013.

Som det vil gå fram av gjennomgangen knytt til skjema 1B, gir dette store utfordringar for drifta i 2014. Rådmannen greier likevel å levera eit mindre-forbruk på forsiktige kr 305.000.

Drift - skjema 1B

Generelt

Den samla auken i frie inntekter er ikkje stor nok til å dekkja kostnadsveksten, gitt vidareføring av aktivitetsnivået frå 2013 inn i 2014. Dette betyr at aktivitetsnivået må reduserast i 2014 for å unngå meirforbruk.

Skal ein ta ned aktivitetsnivået, må det setjast i verk konkrete tiltak. Det er ikkje tilstrekkeleg å redusera rammene, og deretter «rekna med» at einingane følgjer opp dette. Tal frå KOSTRA syner at Radøy kommune driv rimeleg på dei fleste område. Dette betyr at dei aller fleste einingar ikkje kan redusera aktivitetsnivået utan at dette får direkte konsekvens for tenestetilbodet.

Utfordringa er at alle ønskjer gode tenester, og alle ønskjer å ha minst dei tenestene ein har i dag. Skal ein kunna oppnå reelle innsparingar, kjem ein såleis ikkje utanom kutt i tenesteproduksjonen, i form av redusert kvalitet eller omfang, eller avvikling av tilbod. Det er lett å gjera vedtak om innsparing, men dei må også kunna gjennomførast. Frå andre kommunar som slit med meirforbruk, ser ein at det er krevjande å redusera kostnadsrammene.

Lønsveksten er påreknad til 3,5% i 2014, noko som utgjer ca 6,9 mill inkl arbeidsgjevaravgift.

I budsjettala er 2014-verknaden av lønsoppgjeret for 2013 teke med på einingsnivå. Påreknad lønsvekst knytt til 2014-oppgjeret er sett av på ein samla post for seinare fordeling, med ca 6,2 mill.

Pensjonskostnaden vil for Radøy kommune auka ca 3,3 mill i 2014 i høve til 2013. Pensjonspremien, altså det vi faktisk betalar, går opp vesentleg meir, og premieavviket i KLP vil auka med ca 10 mill i 2014. Dette betyr at ein ved utgangen av 2014 vil ha eit oppsamla premieavvik på godt over 30 mill. Premieavviket er i realiteten kostnader som enno ikkje er bokførde.

Utfordringane kring det aukande premieavviket blir stadig større for dei fleste kommunar, og det vil måtta koma endra reglar på dette området. Når og korleis dette skjer, er ikkje godt å seia.

Samla vekst i løns- og pensjonskostnader blir såleis ca 10,2 mill kr, og ein stor del av auken i dei frie inntektene går med til dette.

I den vidare gjennomgangen av tenesteområda, har rådmannen teke med innsparingsframlegg som det truleg er råd å gjennomføra utan at dette fører til vesentleg reduksjon av kvalitet eller tenesteomfang. Desse innsparingane er ikkje tilstrekkelege til at drifta går med overskot i 2014 eller seinare år i økonomiplanperioden.

Rådmannen held på med organiseringa under kommunalsjefnivå, men endeleg modell er enno ikkje på plass.

Politisk

På dette området vart rammene noko utvida i 2013, m.a. til kjøp av nettbrett. Dette er justert i 2014 ved tilbakeføring av nettbrettkostnaden. Rådmannen legg til grunn at kostnadene til møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste m.v. ligg på rimeleg rett nivå slik det vart vedteke i budsjettendring i 2013.

Rådmannen ser ikkje at det kan gjennomførast andre realistiske innsparingar på dette området.

Tilbakeført valårskostnad	- 135.000
SUM	- 135.000

Rådmannsstab

Deltakaravgifta til nokre interkommunale tiltak, m.a. IKT Nh, Nordhordland kemnerkontor og interkommunalt arkiv blir budsjettert her. Det same gjeld person- og yrkesskedeforsikring for alle tilsette.

Sørvistorget står overfor store utfordringar knytt til sak- og arkivsystem, overgang til fullelektronisk arkiv og ny portalløysing i 2014. Sørvistorget er innbyggjarane sin hovudveg inn til

Budsjettskjema 1B

	R 2011	B 2012	R 2012	B 2013	Auke B12 -		Auke B13-
					B13	B 2014	B14
Politisk	2 352	2 961	3 348	3 612	21,99 %	3 253	-9,94 %
Sentraladministrasjonen	15 849	16 534	16 628	19 698	19,14 %	19 441	-1,30 %
Kultur	2 445	2 577	2 618	2 666	3,45 %	2 786	4,50 %
Radøyhallen	1 731	1 683	2 020	1 778	5,64 %	1 658	-6,75 %
Kyrkja	3 955	3 989	4 182	4 082	2,33 %	4 152	1,71 %
Felles oppvekst	6 173	6 750	7 469	7 608	12,71 %	7 795	2,46 %
Austebygd skule/SFO	6 312	6 431	6 637	6 626	3,03 %	6 705	1,19 %
Hordabø skule/SFO	9 977	10 005	10 098	10 054	0,49 %	10 115	0,61 %
Manger skule/SFO	12 822	12 239	12 485	12 655	3,40 %	12 762	0,85 %
Sæbø skule/SFO	13 209	13 562	13 665	13 733	1,26 %	13 849	0,84 %
Radøy ungdomsskule	20 513	20 745	20 803	21 282	2,59 %	21 188	-0,44 %
Radøy bibliotek	1 168	1 227	1 214	1 278	4,16 %	1 293	1,17 %
Austebygd barnehage	1 817	1 873	1 903	1 928	2,94 %	1 954	1,35 %
Bø barnehage	6 259	7 784	7 569	8 365	7,46 %	8 472	1,28 %
Prestmarka barnehage	9 539	10 021	10 507	11 466	14,42 %	12 429	8,40 %
Sæbø barnehage	5 672	5 565	5 604	5 997	7,76 %	6 085	1,47 %
Radøy musikk- og kulturskule	1 565	1 649	1 649	1 801	9,22 %	1 796	-0,28 %
NAV Radøy sosial	7 123	7 616	7 495	8 187	7,50 %	8 409	2,71 %
Frivilligsentralen	445	392	452	404	3,06 %	412	1,98 %
Helsetenester	8 373	8 233	8 233	9 601	16,62 %	9 516	-0,89 %
Velferdssenteret	28 622	29 804	28 917	30 184	1,27 %	30 295	0,37 %
Heimetenesta	21 491	21 244	21 193	21 600	1,68 %	21 266	-1,55 %
BF-tenesta	17 998	20 583	23 676	24 704	20,02 %	24 787	0,34 %
Radøy matsørvis	-263	-232	-221	-146	-37,07 %	-109	-25,34 %
RIB	4 205	4 040	4 155	4 841	19,83 %	4 880	0,81 %
PPT, psykisk helsevern m.v.	19 778	19 097	19 037	18 959	-0,72 %	18 488	-2,48 %
Helse og omsorg felles	635	6 502	5 803	7 003	7,71 %	7 255	3,60 %
Plan, Næring, Teknisk	2 655	2 402	1 654	2 699	12,36 %	2 518	-6,71 %
Landbrukskontor	1 024	1 099	902	1 126	2,46 %	1 154	2,49 %
Teknisk drift	7 337	8 477	8 744	7 513	-11,37 %	6 884	-8,37 %
Reguleringspostar	-12 576	-14 875	-15 977	-16 806	12,98 %	-5 119	-69,54 %
SUM	228 205	239 977	242 462	254 498	6,05 %	266 369	4,66 %

Tal i heile tusen

kommunen, og det er viktig at sør-
vistorget er tilstrekkeleg bemanna til å
kunna levera dei tenestene innbyggja-
rane forventar. Sørvistorget legg også
til rette for politisk handsaming for
formannskap, kommunestyret og dei
fleste kommunale utval. Rådmannen
ser ikkje at det er mogeleg å redusera
bemanninga på sørvistorget i 2014,
utan at dette fører til redusert tilbod,
t.d. i form av reduserte opningstider.

Næringsfondet er no på nær 1 mill,
og rådmannen finn ikkje å kunna auka
fondet gjennom tilskot frå drifta i dei
næraste åra. Den årlege løyvinga på
kr 100.000 over drifta vert såleis ikkje
vidareført frå 2014.

Rådmannen har avgjort at Radøy
kommune skal skifta **økonomi- og
lønssystem** i 2014, slik at ein går over
til VISMA Enterprise. Dermed nyttar

Radøy same økonomisystem som dei
andre kommunane som er med i IKT
Nh. Dette er ei stor og arbeidskrev-
jande omlegging, og økonomi/løn-
og personalkontoret står overfor store
utfordringar i 2014. Når VISMA Enter-
prise er i full drift, med integrasjonar
mot turnussystem, skule/barnehage-
system mv. meiner rådmannen at det
kan hentast inn gevinst. Men dette vil
ta tid, då det må gjerast mykje arbeid
også ut i einingane før slike integrasjo-
nar får full effekt.

I 2014 får ein likevel teke ut ein gevinst
ved at overgangstidspunkt er sett til
1.7.2014, og at kommunen vil spara
vedlikehaldsavgift på noverande øko-
nomisystem for andre halvår av 2014.
For VISMA skal vi først betala vedlike-
hald frå 2015.

Interkommunale tiltak kan ha mange
fordelar, men det er ei utfordring at
dei har ein tendens til å veksa meir
enn kommunane som «eig» dei. For
Radøy kommune, som må redusera
aktivitetsnivået i 2014, er det vanske-
leg å akseptera at rammene for dei
interkommunale tiltaka vert utvida.
Rådmennene har sett i verk tiltak for å
styrka kontroll og oppfølging.
Tabellen nedanfor syner dei viktigaste
interkommunale ordningane Radøy
kommune er med i. Tiltak der vi er
«vertskommune» er også tekne med.
For ei rekkje tiltak har vi enno ikkje fått
budsjettal for 2014.

IKT Nh skal styrka strategiarbeidet, og
det gir auka kostnader for Radøy kom-
mune i 2014. Etter initiativ frå rådmenn-
ene, må IKT Nh redusera veksten i
2014 i høve til opprinnelege planar.
Likevel blir pårekna auke i kostnaden

for Radøy kommune sin del ca kr 430.000 i 2014.

Ved **kemnerkontoret** er det også godkjent utviding av budsjetttramene, for å kunna levera dei tenestene både kommunane og innbyggjarane forventar. Slik rådmannen ser det, har vi ikkje noko anna val enn å akseptera kostnadsauken. Å melda seg ut av kemnerkontoret er i praksis ikkje mogeleg. Ved etableringa av kemnerkontoret gjorde Skatteetaten uttrykkeleg merksam på at samanslåinga ikkje kan reverserast.

I begge desse tilfella ser vi at dei interkommunale tiltaka får vekst i sine rammer, medan dei fleste kommunale einingane må tåla reduksjon.

Rådmannen legg også opp til å spara inn kr 300.000 i rådmannsstaben i 2014 gjennom ulike tiltak. Ein har no fått på plass ei organisering for framtida, der rådmannen kan styra utviklinga gjennom planlagte og strukturerte tiltak, og der god leing er eit vesentleg verkemiddel. Innsparing ut over dette

vil føra til at den gode utviklinga vert vesentleg reversert, noko som vil vera særers uheldig.

Følgjande element inngår i endringa i kostnadene for rådmannsstaben samanlikna med 2013

Årsverknad av nye kommunalsjefar	400.000
Nordhordland kemnerkontor	180.000
Nordhordland IKT	430.000
Innsparing kopiering mv.	- 100.000
Innsparing lisens Agresso	- 150.000
Redusert tilskot næringsføremål	- 100.000
Andre mindre innsparingar	- 89.000
Generell innsparing rådmannsstab	- 300.000
SUM	271.000

Kultur

Trass i signal frå politisk hald om at tilskot til kulturføremål bør styrkjast, finn rådmannen ikkje å kunna gjera dette. Tilskotet til private idrettsanlegg vart auka frå 180.000 i 2011 til 230.000 i 2012 og til 250.000 i 2013. Kulturmidlane vart auka med 10% i 2013.

I Radøyhallen vert stillinga som oppsynsmann ledig frå 2014. Rådmannen vil vurdere trongen for oppsynsmann i samanheng med vaktmeistertenesta, og vurdere om oppfølging av utleige kan gjerast av andre i organisasjonen. Det bør vera råd å redusere stillinga til 70%, og likevel få tilfredsstillande oppfølging av anlegget. Innsparinga kan då bli ca kr 125.000 på årsbasis.

Bibliotek og musikk- og kulturskulen har nøktern drift, og rådmannen ser ikkje at det er realistisk å få til innsparingar som kan gje særleg verknad på desse avdelingane. Likevel vert kr 50.000 trekt attende frå musikk- og kulturskulen, knytt til den ekstra kulturskuletimen som vart innført i 2013, men som den nye regjeringa har varsla ikkje skal vidareførast.

Kommunestyret har tidlegare gitt føringar på at tilskotet til kyrkja skal regulerast i samsvar med lønsveksten. Dette er teke med i budsjettframlegget. Radøy sokn har klårt uttrykt at dei ønskjer ytterlegare midlar i 2014, men rådmannen finn ikkje å kunna koma dette i møte. Rådmannen vil ta kontakt med Radøy sokn for å vurdere drifta av kyrkjene i eit lengre perspektiv, der drifta må ned.

Interkommunale samarbeidstiltak

Namn	Tal deltakarar	Del Radøy	R2011	R2012	B2013	B2014
Nordhordland IKT	9	11,2 %	772 164	2 505 471	2 428 000	2 879 400
Nordhordland legevakt	9	12,0 %	1 503 278	1 822 919	2 161 500	2 271 000
Nordhordland revisjon IKS	7	19,9 %	699 144	661 416	681 000	701 000
Nordhordland kemnerkontor	5	14,2 %	703 426	550 958	772 000	951 600
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	9	11,7 %	283 723	379 805	356 770	
Brannførebyggjande samarbeid	9	14,0 %	355 877	360 391	432 000	
Distriktsveterinærteneste	3	37,0 %	134 324	139 328	181 000	
Interkommunalt krisesenter	19	1,48 %	183 066	198 803	207 000	
Teknisk - hygienisk ingeniør	7	14,0 %	104 000	115 881	112 000	
Business Region Bergen	9	0,41 %	-	49 520	50 000	
Interkommunalt byggetilsyn	9	11,0 %	58 572	11 842	91 000	
Kompetanseprosjekt Nordhordland	9	11,3 %	-	40 235	40 000	
Biosfæreprosjekt Nordhordland	9	11,4 %	-	-	29 000	
Brannvarslingssentral, Bergen (110)	28		190 322	190 298	195 000	
Interkommunalt arkiv	31	2,85 %	80 324	80 324	80 000	
Bergen og omland friluftsråd	15		67 165	69 772	73 000	
Interkom. utval mot akuttforurensing (IUA)	26		50 652	52 800	54 000	
Innkjøpssamarbeid Bergen kommune	15	Fast avg	75 000	75 000	87 000	
Sekretariatsfunksjon kontrollutvalet	8	12,48 %	57 000	76 000	80 000	
Norskundervisning for framandspråklege		Løpande	583 000	827 841	1 086 000	
Radøy interkommunale busenter						
Nordhordland digitalt						
Felles landbrukskontor, Austrheim, Fedje, Radøy						
Felles telefonsentral, Austrheim, Fedje, Radøy						

I samband med at Vestnorsk utvandrersenter vart ein del av museums-senteret i Hordaland, har det vore ein føresetnad at Radøy kommune skal gje årleg tilskot til drifta med kr 400.000. I praksis har ein overført kr 100.000 kontant, og resten i form av tenester kommunen yter til utvandrersenteret. Radøy sokn har etter avtale med Radøy kommune gjort ein del vaktmeister-tenester på senteret, og har fakturert kommunen for dette, som ein del av det samla tilskotet. Museumssenteret har uttrykt at dei no ønskjer det årlege tilskotet som ei direkte utbetaling. I budsjettet for Radøy kommune er det sett av kr 300.000 til føremålet. Budsjettet må tilførast dei siste kr 100.000. Rådmannen meiner at eksisterande av-talar må vidareførast, slik at det direkte tilskotet til museumssentret vert auka til kr 250.000, og at Radøy sokn utfører arbeid for kr 150.000. I den grad det blir aktuelt å reforhandla desse avta-lane, skal det leggjast fram eiga sak til formannskapet om dette.

Innsparing Radøyhallen	-125.000
Lønsvekst kyrkja	70.000
Auka overføring muse-umssenteret	100.000
Tilbakeført «kulturskule-timen»	-50.000
Sum	-5.000

Oppvekst

Barnehagane har hatt jamn vekst dei siste åra. I 2014 må barnehagane tilførast ytterlegare kr 800.000 som års-verknad av utviding frå hausten 2013. Dette gjeld stort sett Prestmarka og Bø barnehage.

Grunnlagstal for barnehageopptak

	År 1	År 2	Sum små	Store	Total
September 2011	27	59	86	186	272
Mars 2012	28	65	93	193	286
September 2012	47	44	91	206	297
Mars 2013	48	45	93	208	301
September 2013	42	69	111	184	295

Tala i tabellen syner tal born som blir eitt år gamle før september, og dermed har krav på plass påfølgjande år. Tala i radene mars 2012 og mars 2013 syner korleis tala ser ut på det tids-punktet. Endringar skuldast i hovudsak flytting.

For 2014 ser vi at talet på små born aukar monaleg, medan talet på eldre går ned, slik at samla tal born blir redusert.

Maksimalpris for foreldrebetaling i barnehagane er i framlegget til stats-budsjett auka med kr 65,- pr måned samanlikna med 2013. Årsverknaden av dette er ca kr 150.000, men ram-metilskotet frå staten vert redusert tilsvarande.

Rådmannen vurderer bemanninga og organiseringa i barnehagane slik at det er vanskeleg å gjennomføra inn-sparingar utan å koma i konflikt med krav til bemanning. Talet på avdelingar er tett knytt til barnetalet. Prestmarka er delt på tre lokasjonar, og ideelt

burde desse vore samla. Ei slik samling vil ikkje redusera talet på avdelingar, men vil gjera det administrative arbeidet i barnehagen enklare, utan at dette gir noka direkte økonomisk innsparing. Ein har pr i dag ingen tilgjengelege lokale for ei slik samling. Alternativet er å leiga større areal hjå Helse Bergen, men dette vil føra til auka kostnad både til innreiing og husleige.


Det er framleis noko uvisse knytt til refusjonskrav for barnehageborn i private barnehagar. Det er vidareført 1,7 mill frå 2013, men det er ikkje råd å stadfesta at dette blir det endelege talet for 2014.

Skulestrukturen i Radøy har ikkje vore noko politisk tema dei siste åra. Det er brei semje om at 4 barneskular og ein ungdomsskule er ei god inndeling. I elevtalsprognosane for åra som kjem, varierer elevtalet på kvart klassetrinn mellom 63 og 76 elevar. Dette betyr at ein kvart år kunne hatt tre klassar på kvart alderstrinn, men med gjeldande skulestruktur får vi fire eller til og med fem klassar. Her ligg ein betydeleg meirkostnad i høve til rammeoverfø-ringa Radøy kommune får frå staten. Men det er inga enkel sak å gjera noko med dette. Frå ein økonomisk ståstad skulle Radøy hatt ein barneskule og ein ungdomsskule, for best mogeleg ressursutnytting.

Elevtalsutviklinga i skulane har vorte litt annleis enn prognosane var i fjor, jf diagram på neste side. Pårekna nedgang i 2013/14 er erstatta av auke, som vert vidareført dei næraste åra.

Det var ein nedgang frå skuleåret 11/12 til 12/13, og denne nedgangen skulle gje redusert tildeling til skulane i 2013. Det vart gjennomført ein reduksjon hausten 2012, og det vart lagt inn pårekna verknad av dette også for 2013 med kr 900.000. Men auka elevtal for skuleåret 2013/14 fører til at denne innsparinga ikkje let seg realisera i 2013.

Brutto driftsutgifter pr barn i kommunal barnehage



Elevtal pr skule

	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18
Austebygd skule	58	57	52	50	53	46
Hordabø skule	108	109	104	102	109	104
Manger skule	140	139	148	151	158	159
Sæbø skule	138	138	138	134	128	121
Radøy ungdomsskule	186	198	211	223	206	197
SUM	630	641	653	660	654	627

Kostnad pr elev	2011	2 012
Austebygd skule	108 370	111 596
Hordabø skule	93 831	92 435
Manger skule	84 505	87 232
Sæbø skule	96 916	98 329
Radøy ungdomsskule	94 314	104 275

Radøy kommune har i fleire år hatt ein eigen modell for tildeling av ressursar til skulane. Modellen er basert på elevtal, og fungerer stort sett slik at auka elevtal gir auka tildeling til den einskilde skule, men også slik at minkande elevtal reduserer tildelinga. For skuleåret 2014/15 ser det ut til at elevtalet samla sett vil gå opp, noko som utløyser krav om auka tilskot til skulane. Dette står i kontrast til tala som ligg til grunn for utgiftsutjamninga, der vi får reduserte overføringar til born i skulepliktig alder i 2014.

I høve til den økonomiske realiteten vi står overfor i åra som kjem, må ein justera modellen og tildelingskriteriane for å kunna redusera løyvingane til skulen. Det må også vurderast alternative tildelingsmodellar. Rådmannen legg til grunn at det kan vera mogeleg å spara inn ca 1,6 mill i 2014 ved ei slik omlegging. Førstebels er det ikkje råd å seia kva utslag dette kan gje for den einskilde skule, og rådmannen plasserer difor den samla reduksjonen på 1,6 mill på oppvekst stab, for seinare fordeling. Det er ein føresetnad at ny modell og konsekvensane av den skal handsamast i kommunestyret våren 2014. Rådmannen vil understreka at denne innsparinga vil gå ut over tilbodet til elevane, også spesialundervisninga.

Når det gjeld refusjonskrav knytt til elevar i andre kommunar, ser det ut til at kostnadene vert ca kr 800.000 høgare enn rekna med i justert budsjett for 2013.

Ordninga med frukt/grønt i skulen er varsla avvikla frå skuleåret 2014/15. Rådmannen går inn for å fjerna denne ordninga alt frå 1.1.2014. Dette gir ei innsparing på kr 155.000 frå 2014.


Radøy kommune har hatt samarbeidsavtale med MOT i ei årrekke, og

rådmannen meiner at dette har vore rett satsing. Slik den økonomiske situasjonen er framover, ser rådmannen det som naudsynt å vurderer samarbeidsavtalen med MOT i løpet av 2014, og avslutta stillinga som MOT-kordinator i Radøy kommune. Årleg innsparing ca kr 97.000.


Den samla verknaden av dette går fram av tabellen nedanfor.

Auka kostnad utvida barnehagetilbod	800.000
Auka kostnad grunna gjesteelevar	800.000
Pårekna innsparing ikkje realisert	900.000
Pårekna innsparing ved redusert tildeling frå hausten 2014	- 1.600.000
Auka foreldrebetaling barnehage	-150.000
Auka kostnad vaksenopplæring	54.000
Avvikling skulefruktordning	- 155.000
Avslutta MOT-samarbeid	-97.000
SUM	552.000

Brutto driftsutgifter skule pr elev



Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning




Helse og omsorg

NAV Sosial er stramt bemanna, og har hatt stor pågang i 2013. Ein ser m.a. at kostnadene til sosialhjelp har auka monaleg så langt i 2013. Iflg KOSTRA-tala ligg Radøy kommune på nivå med, eller under nabokommunane når det gjeld storleik på sosialstønad og stønadslengd. Driftskostnad pr sosialhjelpsmottakar ligg noko under nabokommunane.

Kommunestyret har vedteke å ta i mot nye flyktningar i 2014. Desse utløyser auka tilskot, men også auka kostnader. I utgangspunktet vert NAV tilført kr 483.000 til auka kostnader knytt til flyktningar. Dette svarar til auken i integreringstilskotet for 2014.

NAV Sosial vert samstundes pålagt ei innsparing på kr 250.000,- først og fremst knytt til kvalifiseringsordninga.

Brutto driftsutgifter pr sosialhjelpsmottakar



Helsestasjonen er eit satsingsområde i statsbudsjettet, men rådmannen vurderer det slik at Radøy kommune løyver tilstrekkelege midlar til helsestasjonen. KOSTRA-tala for 2012 syner at netto driftskostnader ligg på nivå med Lindås og Austrheim, og noko høgare enn Meland. Prosentdelen nyfødde med heimebesøk ligg om lag på nivå med kommunegruppe 2, over Lindås, men litt under Meland. Rådmannen finn såleis ikkje å kunna auka løyvingane til helsestasjonen.

Den interkommunale jordmorordninga er avvikla frå 2013, og Radøy kommune har no tilsett **jordmor** i 30% stilling, for å kunna gje eit akseptabelt

tilbod. Denne ordninga ser så langt ut til å fungera bra, og gir ei innsparing i 2014 på ca kr 150.000.

Fysioterapitenesta gir eit godt og rimeleg tilbod til innbyggjarane våre. Tenesta driv svært nøkternt økonomisk, og rådmannen kan ikkje sjå at løyvingane til fysioterapi kan redusere utan at det får direkte verknad for tenestetilbodet.

Legetenesta består i realiteten av fleire element; kommune-overlege, tilsynslegeordning ved institusjonane, legesenteret og den interkommunale legevakta.

Kommuneoverlege er vi forplikta til å ha, og vi kjem ikkje utanom ein kostnad her. Det same gjeld tilsynslege ved institusjonane. Her har vi ei bra ordning, og KOSTRA-tal syner ca 0,7 legetimar pr veke til bebuarar i sjukeheim. Det er godt over både nabokommunar og kommunegruppa.

Ordninga er svært viktig i høve til å unngå innlegging på sjukehus og dermed halda kostnadene til liggedøgn nede. Legesenteret gir eit svært godt tilbod til innbyggjarane, og rådmannen vil gå nøye gjennom ressursbruken ved legesenteret, og vil også vurderer reformhandling av avtalane med legane.

Rådmannen legg opp til ei innsparing på kr 350.000 ved legesenteret i 2014.

Den interkommunale legevakttenesta er i 2013 utvida med senger for «øyeblikkelig hjelp», såkalla ØH-senger. Fleire kommunar har også gått inn i ordninga. Dette fører til auka kostnader på kr 123.000 for Radøy kommune i 2014, og her er det ingen veg utanom. Vi er pålagt å ha eit slikt tilbod på plass frå 2016, og det vert gjeve tilskot


til etablering og drift av nye plassar.

Rådmannen legg til grunn at midlane til folkehelsekoordinator ikkje vert vidareført i 2014 som eit sjølvstendig prosjekt. Folkehelsearbeidet må forankrast på alle nivå, og arbeidet med folkehelse vert såleis ei oppgåve for mange. Dette gir ei økonomisk innsparing i 2014 på kr 150.000.


Samhandlingsreforma vart innført frå 1. januar 2012, og har snart verka i to år. Det har kome uklære politiske signal om at ordninga skal avskaffast, men dette kan ikkje leggjast til grunn i budsjett eller økonomiplan. Ordninga har fleire komponentar, der medfinansiering og betaling for liggedøgn er dei som har direkte verknad på kommunen sin økonomi. Medfinansieringa vert rekna på grunnlag av historiske tal, og kommunen vert fakturert med ein á konto sum kvar måned. Justering av á konto kan skje fleire gonger for året. Etter gjeldande á konto skal Radøy kommune betala kr 6.396.000 som medfinansiering i 2014. Dette er ein auke i høve til budsjett 2013 på ca kr 688.000.

Til no har Radøy kommune hatt minimale utgifter til liggedøgn, så langt i 2013 kr 8.250,-. Det er budsjettert med kr 439.000 i 2013. Dette syner at det vert gjort svært godt arbeid i einingane for å setja i verk rette tiltak i høve til kvar einskild brukar. Rådmannen legg til grunn at dei gode rutinane vert vidareført, men at ein må redusere avsett løyving til liggedøgn med kr 288.000. Ein har då att ca kr 150.000 til liggedøgn i 2014, og vonleg er dette tilstrekkeleg. Netto auke til samhand-

Netto driftsutgifter kommunehelseteneste pr innb



Netto driftsutg. pleie- og omsorgstenester pr innb. over 67 år



lingsreforma vert kr 400.000 i 2014.

Ressurskrevjande tenester

Det er lagt opp til endringar i ordninga i 2014, ved at kompensasjonsgraden vert redusert til 77,5%, og innslagspunktet aukar frå kr 975.000 til kr 1.010.000, som svarar til lønsveksten i perioden. Også her har det kome uklære politiske signal om at den nye regjeringa vil sjå nærare på ordninga. Kva verknad dette faktisk får, er usikkert. I budsjettet for 2014 er det lagt inn same nominelle sum som vi fekk for 2012.

Ved Velferdssenteret vert

det gjort mykje godt arbeid med å ta i mot stadig fleire korttidspasientar, mange utskrivne frå sjukehus. Dette stiller store krav til kompetanse og oppfølging i eininga, krav ein så langt har greidd å møta på ein god måte. Mange korttidspasientar legg økonomisk press på Velferdssentret, mellom anna fordi eigenbetalinga er mykje lågare for korttidspasientar enn langtidspasientar. Elektronisk meldingsutveksling og overgang til IKT Nh er kostnadsdrivarar i 2013, men vonleg vil dette kunna gje innsparing over tid. Eininga tek også i mot vaksenopplæringskandidatar, utan at eininga har fått tilført ekstra midlar til dette.

Velferdssenteret er den største eininga i kommunen, med ei netto budsjett-ramme på ca 30 mill. I ein innsparingsperiode må Velferdssenteret også ta sin del, og rådmannen meiner at ei innsparing på kr 350.000 i 2014 kan


gjennomførast utan alvorlege konsekvensar for tilbodet.

Heimetenesta

leverer, som namnet seier, tenester til heimebuande, medrekna dei som bur i omsorgsbustader. Også dagtilbodet er ein del av heimetenesta. Innan 2016 skal det på plass eit

dagtilbod til demente, og det vert no arbeidd med å etablera eit slikt tilbod i nær tilknytning til heimetenesta og Velferdssenteret. Kommunen kan få tilskot til drift av nye plassar, og det er søkt om statleg tilskot til utvidinga. Kostnadene ved drifta er langt på veg inne i budsjettet for dagavdelinga for 2014, men det manglar kr 210.000 på full inndekking. Dette må på plass i

Brutto utgifter til institusjon, pr plass



2014. Mogeleg driftstilskot til nye plassar i 2014 kan utgjera ca kr 390.000. Arbeidstilsynet sine retningslinjer seier at arbeidstøy no skal vaskast profesjonelt. Dette betyr at det skal bli slutt på «heimevask». Dette gir auka kostnader på ca 130.000 for heimetenesta i 2014. Rådmannen meiner at ei ytterlegare innsparing på kr 300.000 må lata seg gjennomføra i drifta ved heimetenesta.

BF-tenesta, eller «teneste for bu- og funksjonstrening», som det eigentleg heiter, utvida drifta monaleg i 2012, då dei nye bustadene i Prestbrekka vart tekne i bruk. Tilboda eininga gir er i all hovudsak retta mot einskildbrukarar,

og er gitt etter individuelle vedtak. Slike vedtak vil gjelda så lenge brukaren sin tilstand ikkje endrar seg. Det er teke i bruk medlevarturnus i tenester retta mot nokre brukarar.

Det vil vera krevjande å redusera tenesteomfanget her, utan å koma i konflikt med dei rettane brukarane har. Rådmannen går likevel inn for at BF-tenesta må spara inn kr 350.000 i 2014, noko som bør vera realistisk innafor ei netto ramme på ca 25 mill.

Radøy kommune er medeigar i Aufera A/S, og har fått søknad frå selskapet om auka tilskot kr 150.000 både for 2013 og 2014. Dei andre eigarkommunane har fått tilsvarende søknad om tilskot, med høvesvise summar. Søknaden er først og fremst grunn- gjeven med innskjerpa regelverk for tilskot frå NAV. Dette har ført til mindre tilskot, som også kjem seinare enn før. Selskapet har måtta utvida kassakreditten for å kunna halda likviditeten. Rådmannen har bestemt at vask av arbeidstøy for grupper av tilsette skal

ut på anbod, avgrensa til VTA-verksemder. Dersom Aufera vinn dette anbudet, burde det kunna auka innteninga i selskapet i 2014. Rådmannen er difor i tvil om det er rett å gå inn for å løyva kr 150.000 også i 2014, før ein ser utfallet av anbudsrunderen.

Kostnadene i **barnevernet** har gått ned dei siste åra, som følgje av betre oversyn og kvalitetssikring av tenestene. Konsulentbruk er er-

statta av arbeid utført av eigne tilsette, og tiltak har god styring og målretting. Dette er ei svært gledeleg utvikling, og rådmannen er godt nøgd med arbeidet som vert gjort i barnevernet. Likevel kan det vera mogeleg å spara inn kr 200.000 i 2014, under føresetnad at det ikkje dukkar opp særlege tilhøve som krev ekstra innsats.

Innafor **psykisk helse** kan det gjerast innsparingar knytt til kjøp av tenester frå andre kommunar og på støttekontaktar med samla verknad kr 200.000 i 2014.

Radøy interkommunale busenter


(RIB) vart etablert for å gje tilbod til personar utskrivne frå Helse Bergen sine institusjonar. Radøy har fire plassar, og fire andre plassar vert nytta av Bergen, Osterøy og Vik. I tillegg har Lindås leigd ein plass i 2013, som ikkje vert vidareført i 2014. Det vert arbeid for å få inn nye brukarar i RIB, utan at det så langt er gjort avtalar om dette. Rådmannen meiner at eininga må kunna spare inn kr 100.000 i 2014. For Radøy kommune vert verknaden av dette 50%, basert på 8 brukarar, og at fire av desse høyrer til Radøy.

Ein av brukarane frå Radøy vert truleg overført frå RIB til BF-tenesta frå 2014. Det er mange uavklåra tilhøve kring denne overføringa, som i verste fall kan føra til ein netto meirkostnad på inntil 1,5 mill i 2014. Fordi så mykje er uavklåra, vel rådmannen å ikkje leggja inn nokon kostnad førebels. Sak vil verta lagt fram for politisk handsaming når ein har tilstrekkeleg oversyn over tiltak, konsekvensar og kostnader.

Radøy kommune må vera med i Norsk Helsenett, for å dekkja kostnadene til det landsomfattande, lukka helsenettet. Dette skal mellom anna nyttast til elektronisk meldingsutveksling. Årskostnaden her er ca kr 45.000.

Etter justering av husleigene for ulike kommunale husvære, vert det noko auke i inntektene frå 2014. For NAV Sosial er det tale om tilsvarende kostnadsauke, for andre einingar med leigeinntekt vert dette ein netto inntektsauke. Innan helse og omsorg blir samla vekst i 2014 kr 468.000. Dette gjeld omsorgsbustader, trygdebustader og bustader i BF-tenesta.

Dette gir følgjande endringsliste for helse og omsorg:

Barnevern - netto driftsutg. pr barn

NAV, innsparing + auke kostnader flyktningar	233.000
Jordmor, innsparing	-150.000
Helse/legetenesta, innsparing	-350.000
Norsk helsenett, auke	45.000
Legevakt/ØH-senger, auke	123.000
Folkehelsekoordinator, innsparing	-150.000
Auka kostnad samhandlingsreforma	400.000
Velferdssenteret, innsparing	-300.000
Heimetenesta, innsparing/auke inntekt, + auke arbeidstøy og dagtilbod	-510.000
BF-tenesta, innsparing	-350.000
Barnevern, innsparing	-200.000
Psykisk helse + RIB, innsparing	-250.000
Auka husleigeinntekter, netto	-506.000
Auka tilskot Aufera	150.000
Sum innsparing	-1.815.000

Plan, byggesak, tekniske tenester

På plan, byggesak og oppmåling er det primært lagt opp til vidareføring av noverande aktivitetsnivå. Gebyrmalen for tekniske saker vert handsama av kommunestyret som eiga sak. Det vert lagt opp til 5% auke i desse gebyra, som vil utgjera ca kr 79.000 for plan/ byggesak. For oppmåling ser det også ut til å vera mogeleg å auka påreknna inntekt meir enn dette, slik at oppmålingsgebyr vert auka med kr 110.000,-.

I høve til den samla bemanninga innafor tekniske tenester, meiner rådmannen at det er råd å spara inn kr 280.000 på fast løn i 2014, men nye beredskapsavtalar gjer at kostnadene til vegvedlikehald aukar monaleg. Dermed er gevinsten brukt opp.

Det felles landbrukskontoret skal etter planen utvidast med Lindås, Meland og Modalen frå 2014. Det er fastsett ein fordelingsnøkkel for kostnadene, der Radøy skal ta 28% av totalen, og dette gir netto kostnadsauke for Radøy ca kr 90.000 som heilårsverknad. Rådmannen vil sjå nærare på fordelingsnøkkelene her.

Rådmannen legg til grunn at Radøy sin del av kostnadene til felles landbrukskontor ikkje skal auka i 2014.

Innafor brannvernet skal det nye naudnettet TETRA takast i bruk i løpet av 2014. Årsverknaden vert ein kostnadsauke på ca kr 150.000, men først når det gamle naudnettet vert teke ned, kjem denne kostnaden på. Det er lagt til grunn kostnad for ein månad i 2014.

Vidare må tilsette i brannvernet gjennomgå kurs i 2014 og påfølgjande år. Kostnad 2014 ca kr 100.000.

Hordabøheimen vert selt i 2013, og driftskostnadene fell difor vekk frå 2014. Innsparinga svarar til budsjetterte driftskostnader i 2013, minus avskrivningar.

Ved gjennomgang av dei tekniske tenestene, har rådmannen funne grunnlag for å spara inn kr 348.000 i løn, knytt til justerte stillingsstorleikar m.v. i 2014.

Etter anbudsrunder er det inngått nye


avtalar om vintervedlikehald på dei kommunale vegane, og kostnadene aukar her monaleg samanlikna med tidlegare år. Generelt har det vore overskridingar på vegvedlikehaldet i ei årrekke, og rådmannen finn å måtta tilføra kr 250.000 til vedlikehald av vegar, for i det minste å koma nærare faktiske kostnader. Dersom vi får grøne vintrar framover, kan dette halda.

Vedlikehald.


Det ligg føre rapportar som syner at kommunen ligg mykje på etterskot med vedlikehald av kommunale bygg, og at det burde vore sett av 3 mill til årleg vedlikehald. Rådmannen ser ikkje dette som mogeleg å få til innafor gjeldande rammer, men vil vidareføra ei avsetjing på 1 mill til vedlikehaldsføremål i 2014.

Bruk av fond VA	-532.000
Auka kostnader brannvern	113.000
Innsparing drift Hordabøheimen	-148.000
Auka gebyrinntekter plan, byggesak, oppmåling	-179.000
Innsparing løn m.v. tekniske tenester	-348.000
Auka kostnad vegvedlikehald	250.000
Sum innsparing	- 844.000

Årsgebyr vatn



Årsgebyr avløp



Prisauke

I siste utgåva av statsbudsjettet er det lagt til grunn ein prisindikator på 3,1%.

Det er også lagt opp til at maksimalpris for barnehagane vert auka frå kr 2.330,- til kr 2.405,- pr måned for full plass. Dette vart endra av den nye regjeringa, slik at maksimalprisen aukar med indeksen.

Husleiger i kommunale bustader vert regulert anten i samsvar med endring i konsumprisindeks frå 1.1.2014 (gjeld alle avtalar som er mindre enn tre år gamle ved utgangen av 2013) eller i høve til gjengs leige.

Eigenbetalingar i pleie og omsorg vert auka i samsvar med helse- og omsorgsdepartementet sine til ei kvar tid gjeldande satsar for inntekter inntil 2G. For inntekter ut over 2G vert satsane auka med konsumprisindeksen (KPI). For mat, medrekna fullpensjon og mat på dagsenter, vert satsane justert etter KPI. Pris for tryggingsalarm vert ikkje auka.

Satsane for SFO, musikk- og kulturskule, utleige av Radøyhallen og utleige av fleirbrukshallen ved Sæbø skule vert auka med prisindikatoren (3,1%). Det vert ikkje lagt opp til auke i satsane for symjebassenget og skytebanane.

Gebyra for renovasjon og slam vert fastsett i samsvar med vedtak i representantskapen i NGIR i møte 28.10.2013. For 2014 blir det ikkje auke i renovasjons- eller slamgebyra.

VA-gebyra vert også føreslegne uendra i høve til 2014. Det er dei siste åre bygd opp utjamningsfond på alle VA-områda slik:

Utjamningsfond vatn	3.465.161
Utjamningsfond avlaup	900.634
Utjamningsfond slam	370.724

Hovudplanane for vatn og avlaup skal rullerast i 2014.

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2014

Alle gebyr er medrekna mva.

	2013	2014
Radøy kultur- og musikkskule		
Instrumentalkurs/vokalkurs	1.400,-	1.443
Aspirantkurs, musikkbarnehage, kunst/drama	1.400,-	1.443
Sal av timar til lag (pr time)	245,-	253,-
Søskenmoderasjon er 25%. Det vert betalt full pris for det dyraste kurset		

Barnehage		
Heildagsplass	2.330,-	2.405,-
Søskenmoderasjon er 30%, og evt 50% frå og med tredje barn		
Matpengar, pr måned, full plass	310,-	320,-

SFO		
Over 15 t/veke	2.330,-	2.405,-
Inntil 15 t/veke	1.950,-	2.010,-
Inntil 10 t/veke	1.520,-	1.567,-
Prisar for mat vert fastsett lokalt i kvart SFO.		
Søskenmoderasjon er 30% evt 50% frå og med tredje barn.		

Radøyhallen		
Leige av idrettshall/symjehall (lag/org)	238,-/time	245,-
Leige av terapibasseng (lag/org)	195,-/time	201,-
Leigetakarar utanfor kommunen betalar doble satsar		
Klippekort symjebasseng - 20 klipp	350,-	350,-
Klippekort symjebasseng - 10 klipp	180,-	180,-
Enkeltbillett vaksne	50,-	50,-
Enkeltbillett born	25,-	25,-
Born under 5 år gratis i følgje med vaksne		
Klippekort terapibasseng - 5 klipp	230,-	230,-
Enkeltbillett terapibasseng born/vaksne	60,-	60,-
Born under 3 år gratis i følgje med vaksne		
Leige ungdommens hus, pr dag	520,-	536,-
Leige ungdommens hus, helg	1.033,-	1.065,-
Leige skytebane (pr år)	30.000,-	30.000,-

Sæbø skule - fleirbrukshallen		
Leige hall for org. i kommunen, born og unge	Gratis	Gratis
Leige hall for org. i kommunen, vaksne	120,-/time	124,-
Leige hall for organisasjonar utanfor kommunen	240,- /time	247,-
Aktivitetar i privat regi	240,- /time	247,-
Utleige kantine til private føremål, inkl inv/utstyr	1.033,-/dag	1.065,-
Utleige kantine til private føremål, utan inv/utstyr	520,- /dag	536,-
Reinhold kjem i tillegg dersom leigetakar ikkje ordnar dette sjølv		

Gymsalar i skulane		
Aktivitetar i privat regi og lag og organisasjonar utanfor kommunen	163,- /time	168,-/time

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2014

Alle gebyr er medrekna mva.

Renovasjon (uendra)	2013			2014		
	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-400,-	3.050,-	2.550,-	-400,-	3.050,-	2.550,-
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	-	3.450,-	2.950,-	-	3.450,-	2.950,-
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	+400,-	3.850,-	3.350,-	+400,-	3.850,-	3.350,-
Hytterenovasjon		1.725,-				

Vatn- avløp- og slamgebyr	Inntil 90 m ²	Over 90m ²	Inntil 90 m ²	Over 90m ²
Årsgebyr vatn	1.900,-	3.564,-	1.900,-	3.564,-
Årsgebyr avløp	2.644,-	4.948,-	2.644,-	4.948,-
Årsgebyr vatn - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		848,-		848,-
Vassforbruk etter målar (pr m ³)		14,10		14,10
Administrasjonsgebyr vassmålar		125,-		125,-
Gebyr for brønnfylling, i tillegg til pris pr m ³				400,-
Tilknytingsgebyr vatn		18.375,-		18.375,-
Årsgebyr avløp - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		1.178,-		1.178,-
Avløp - forbruk etter målar (pr m ³)		19,26		19,26
Tilknytingsgebyr avløp		19.875,-		19.875,-
Slamgebyr		950,-		950,-

Feiing/branntilsynsgebyr	434,-		434,-
Feiing, timeoppdrag, minimum 2t	335,-/t		335,-/t

Eigenbetaling pleie og omsorg				
Tenester ut over primærteneste og vaktmeistertjenester		300,- pr time		309,-/time
Mat til heimebuande	Liten porsj. kr 60,-	Stor porsj. kr 69,-	Liten porsj. kr 62,-	Stor porsj. kr 71,-
- transport av mat		6,- pr porsjon		6,- pr porsjon
Opphald i dag/aktivitetssenter, inkl mat og transport		124,- pr dag		128,- pr dag
Aktivitetstilbod for bebuarar i omsorgsbustader		41,- pr dag		42,- pr dag
Tryggleiksalarm. (Pris gjeld berre ved bruk av eksisterande analog line til abonnent. For alarm med varsling via mobiltelefon gjeld egne satsar)		294,- pr mnd		294,- pr mnd
Dagopphald i institusjon (kan bli endra etter vedtak i Helse- og omsorgsdepartementet)		72,- pr dag	Oppdatert med nye satsar pr 1.1.2014	74,- pr dag
Korttidsopphald i institusjon, inntil 60 døger pr år		137,- pr døger		142,- pr døger

Eigenbetaling praktisk bistand, herunder heimehjelp				
G-trinn	Timepris	Maks pr måned	Timepris	Maks pr måned
Inntil 2G (ny sats pr 1.1.2014)	175,-	175,-	180,-	180,-
2-3G	176,-	775,-	181,-	799,-
3-4G	217,-	1.199,-	224,-	1.236,-
4-5G	273,-	1.635,-	281,-	1.686,-
Over 5G	377,-	1.971,-	389,-	2.032,-

Hovudoversikt vatn Radøy kommune

Resultat i parantes er å forstå som overskot - fond i parantes er negative fond

År	Investering	Sum avskr	Rentekostnader	Drifts-utgifter	Indirekte kostn	Drifts inntekter	Rente inntekter	Rente	Resultat	Fond	Gebyr +/-	
2012	Rekneskap	-	1 227 000	517 000	3 353 914	456 558	6 267 404	80 162	(793 094)	3 465 161	0 %	
2013	Budsjett	5 900 000	1 340 000	644 000	3 353 914	456 558	5 539 000	100 490	2,90 %	154 982	3 310 178	0 %
2014	Budsjett	4 600 000	1 441 000	867 000	3 353 914	456 558	5 591 000	95 995	2,90 %	431 477	2 878 701	0 %
2015	Budsjett	1 100 000	1 442 000	1 000 000	3 353 914	456 558	5 643 000	83 482	2,90 %	525 990	2 352 712	0 %
2016	Budsjett	-	1 416 000	951 000	3 353 914	456 558	5 694 000	68 229	2,90 %	415 243	1 937 468	0 %
2017	Budsjett	-	1 405 000	901 000	3 353 914	456 558	5 746 000	56 187	2,90 %	314 285	1 623 183	0 %

Hovudoversikt avlaup Radøy kommune

Resultat i parantes er å forstå som overskot - fond i parantes er negative fond

År	Investering	Sum avskr	Rente kostnader	Drifts-utgifter	Indirekte kost	Inntekter	Rente- inntekter	Rente	Resultat	Fond	Gebyr +/-	
2012	Rekneskap	-	567 000	229 000	1 301 577	186 134	3 034 420	4 367	3,00 %	(755 076)	900 634	0 %
2013	Budsjett	-	561 000	221 000	1 371 000	186 134	2 919 000	26 118	2,90 %	(605 984)	1 506 619	0 %
2014	Budsjett	6 200 000	695 000	430 000	1 371 000	186 134	2 953 000	42 185	2,80 %	(313 051)	1 819 670	0 %
2015	Budsjett	-	695 000	430 000	1 371 000	186 134	2 987 000	52 770	2,90 %	(357 636)	2 177 306	0 %
2016	Budsjett	-	695 000	430 000	1 371 000	186 134	3 021 000	63 142	2,90 %	(402 008)	2 579 314	0 %
2017	Budsjett	-	695 000	430 000	1 371 000	186 134	3 055 000	74 800	2,90 %	(447 666)	3 026 980	0 %

I hovudoversikt vatn og avlaup er lagt til grunn justert budsjett 2013, jf. framlegg til endring av investeringsbudsjettet 2013, jf FS sak 058/13, som skal godkjennast av kommunestyret.



Investering – skjema 2A og 2B

Rådmannen gjer framlegg om samla investeringar på kr 36.407.000 i 2014, medrekna nye startlån. Dette er meir enn det som er ønskeleg i høve til kommunen si gjeldsutvikling, då det meste av investeringane må finansierast ved låneopptak. 10,8 mill, dvs ca 32% av investeringane utanom startlån er knytt til VA-området, og er slik sett sjølvfinansierande. Ein heller stor del av investeringane er rebudsjettering av prosjekt frå 2013. Det er såleis unytta lånemidlar på kr 14,8 mill frå 2013 som kan nyttast til finansiering i 2014.

Rådmannen går inn for at det vert teke opp nye **lån til vidare utlån i Husbanken** med kr 3.000.000 og lån til andre investeringar med kr 13.759.000. Lånevilkåra skal vera i samsvar med gjeldande finansreglement. Etter betalte avdrag kr 8.354.000 aukar netto lånegjeld med ca 5,8 mill i 2014.

Bygdebok og eigenkapitalinnskot i KLP kan ikkje lånefinansierast. Etter nye reglar for føring av mva-kompensasjon av investeringar frå 2014, kan vi nytta mva-kompensasjon som finansiering.

Kyrkja har løpande trong for investeringar, og rådmannen går inn for å vidareføra ei årleg løyving på kr 250.000 til investeringar i kyrkja også i 2014. Kommunen skal haldast orientert om bruken av midlane minst ein gong kvart år. Denne løyvinga er ikkje til hinder for at kyrkja kan søkja om løyving til andre, konkrete tiltak.

Etter planen skal siste band av **bygdeboka** gjerast ferdig i 2014. Arbeidet er i rute, og rådmannen er godt nøgd med at ein no kan leggja siste hand på verket. Radøy kommune har då fått ei førsteklasses bygdebok i fem band, som vil kunna leva vidare i mange generasjonar.

I **Radøyhallen** er det turvande å oppgradera avfuktingsanlegget og varmepumpa i sømjehallen. Kostnadene ved dette er estimert til kr 200.000. I samband med store fuktskader i terapibassenget, vert det vurdert å leggja duk i dette bassenget i staden for ny flislegging. Kostnad estimert til kr 500.000. Samla investering knytt til Radøyhallen er såleis kr 700.000,-.

Rådmannen vurderer det som nødvendig å halda hallen rimeleg oppgradert. Bygget er snart 30 år gammalt, og skal vi halda hallen open, må den også tilfredsstillast normale krav til slike anlegg.

Det ligg føre **branntekniske** rapportar på mange kommunale bygg, og det må gjerast oppgraderingar for å møta krava i desse rapportane. Rådmannen går inn for å løyva kr 1.000.000 til slike tiltak i 2014. Rådmannen får fullmakt til å disponera denne løyvinga til konkrete føremål.

Posten **mindre investeringar** vert føreslegen vidareført med kr 1.200.000 årleg i heile økonomiplanperioden. M.a. vil rådmannen vurdere innkjøp av noko nytt utstyr til teknisk drift. Rådmannen får fullmakt til å disponera denne posten.

For offentleg tilgjengelege bygningar er det i utgangspunktet krav om **universell utforming**, det vil seia tilgang for rullestolbrukarar. Radøy kommune har ei rekkje bygningar som ikkje oppfyller desse krava, og rådmannen meiner at ein frå 2014 må ha som mål at nokre bygningar vert oppgraderte kvart år. Rådmannen går difor inn for ei årleg løyving på kr 150.000 til universell utforming.

Rådmannen har avgjort at Radøy kommune skal **skifta økonomi- og lønssystem** i 2014, slik at ein går over til VISMA Enterprise. Dermed nyttar Radøy same økonomisystem som dei andre kommunane som er med i IKT-Nh. Investeringskostnaden ved dette vil vera ca 1,25 mill. medrekna mva. i 2014, men ein vil få gevinst i drifta alt frå 2014 ved at årleg vedlikehaldskostnad vert redusert med ca kr 150.000 pr år. Over ein fem-års periode vil ein såleis spara ca 650.000. Netto meirkostnad over perioden vert såleis kr 350.000. Ein får då tilgang til eit program med vesentleg utvida funksjonalitet, mellom anna e-faktura, e-handel, integrasjonar mot fagsystem og elektronisk reiserekning. Mykje av dette er funksjonalitet vi hadde måtta kjøpa frå eksisterande leverandør innan relativt kort tid.

Arbeidet med **ny parkeringsplass ved Austebygd skule** er ute på anbod i

desse dagar, for andre gong. Det ser no ut til å vera fleire aktuelle interessentar, og arbeidet vil koma i gang rundt årsskiftet 2013/14. Kr 300.000 løyvt i 2013 må såleis rebudsjetterast for 2014.

Ved **Velferdssenteret** er det trong for oppgradering av fasaden, utskifting av vindaugo mv. Det er løyvd kr 2 mill til arbeidet i 2013, men dette vert berre delvis gjennomført. Slik det ser ut no, må 1,5 mill løyvast på nytt i 2014. Arbeida må gjennomførast uansett kva løysingar ein måtte koma til i samband med totalvurderinga av Velferdssenteret.

Dagsenter for demente må etablerast innan 2016. Det vert no arbeidd med ei løysing som kan vera tilfredsstillande, i tilknytning til Velferdssenteret/meieribygget. Dersom denne løysinga let seg realisera i praksis, er det ikkje trong for ytterlegare investeringar dei næraste åra. Det er såleis ikkje sett av midlar i 2014 til dette tiltaket.

Heimetenesta har kontor i Velferdssenteret, og har generelt for lite plass. Det har vore ei arbeidsgruppe i sving for å sjå på fleire ulike løysingar, der også dagsenteret har vore vurdert. Gruppa har også nytta ekstern arkitekt i arbeidet. Gruppa har kome til at det mest tenlege er å utvida arealet der heimetenesta held til no, og laga ei best mogeleg løysing for inngangsparti. Kostnadene ved utvidinga er estimert til kr 2.275.000.

I budsjettkommentarane for 2013 vart det sagt at «tomannsbustaden i Grønålvegen bør seljast, og rådmannen går inn for at det vert lagt opp til sal i 2013». Dette salet er ikkje realisert. Eigedomen ligg svært sentralt og godt til, og rådmannen vurderer no om ein heller bør vurdere alternativ bruk eller utbygging. Det er stor trong for kommunalt disponerte bustader, og leigemarknaden på Manger er sær pressa. Det vert difor lagt inn kr 150.000 til planlegging og mogeleg prosjektering av kommunale bustader i 2014.

Helsehuset er nok det kommunale bygget som har størst trong for oppgradering. Det er gjort ein del arbeid med ombygging av mellom anna leigesenteret og inngangspartiet i 2013. Det er utarbeidd tilstandsrapport og plan for utbetring av bygget. Rådman-

Hovedoversikt investering

	Budsjett 2014	Budsjett 2013 regulert	Budsjett 2013 opprinneleg	Rekneskap 2012
Sal av driftsmidler og fast eiendom	-	(3 000 000)	(3 000 000)	(3 505 131)
Andre salsinntekter	(187 000)	(187 000)	(187 000)	(246 400)
Overføringer med krav til motyting	(4 281 000)	-	-	(7 169 000)
Sum inntekter	(4 468 000)	(3 187 000)	(3 187 000)	(10 920 531)
Lønsutgifter	-	-	-	595 214
Sosiale utgifter	-	-	-	149 685
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. ei	31 657 000	45 310 000	42 650 000	22 599 695
Kjøp av tenester som erstatter kommunal egenø	1 400 000	900 000	900 000	-
Overføringer	250 000	-	-	3 208 809
Sum utgifter	33 307 000	46 210 000	43 550 000	26 553 403
Avdragsutgifter	-	-	-	2 720 565
Utlån	3 000 000	8 000 000	8 000 000	8 942 000
Kjøp av aksjer og andelar	800 000	600 000	600 000	677 318
Dekking av udekket frå tidlegare år	-	-	-	527 728
Avsett til ubunde investeringsfond	-	-	-	15 000
Avsett til bundne fond	-	-	-	2 225 129
Sum finansieringstransaksjonar	3 800 000	8 600 000	8 600 000	15 107 740
Trong for finansiering	32 639 000	51 623 000	48 963 000	30 740 612
Bruk av lån	(32 347 000)	(47 431 000)	(44 771 000)	(23 318 242)
Mottekne avdrag på utlån	-	-	-	(4 461 517)
Overføringer frå driftsrekneskapen	-	(4 192 000)	(4 192 000)	(1 925 285)
Bruk av disposisjonsfond	(292 000)	-	-	-
Bruk av bundne fond	-	-	-	(1 956 999)
Sum finansiering	(32 639 000)	(51 623 000)	(48 963 000)	(31 662 043)
Udekket/udisponert	-	-	-	(921 431)

Budsjettskjema 2A

	Budsjett 2014	Budsjett 2013 regulert	Budsjett 2013 opprinneleg	Rekneskap 2012
Investeringar i anleggsmidler	34 107 000	46 810 000	44 150 000	28 152 152
Utlån og forskutteringar	3 000 000	8 000 000	8 000 000	8 942 000
Avdrag på lån	-	-	-	2 720 565
Dekking av udekket frå tidlegare år	-	-	-	527 728
Avsetningar	-	-	-	2 240 129
Trong for finansiering i året	37 107 000	33 872 000	47 022 000	21 295 588
Bruk av lånemidler	(32 347 000)	(47 431 000)	(44 771 000)	(23 318 242)
Inntekter frå sal av anleggsmidler	-	(3 000 000)	(3 000 000)	(3 505 131)
Mottekne avdrag på utlån, refusjonar	(550 000)	-	-	(11 630 517)
Andre inntekter	(3 918 000)	(187 000)	(187 000)	2 962 409
Sum ekstern finansiering	(36 815 000)	(31 660 000)	(44 410 000)	(20 146 546)
Overført frå driftsrekneskapen	-	(4 192 000)	(4 192 000)	(1 925 285)
Bruk av avsetjingar	(292 000)	-	-	(1 956 999)
Sum finansiering	(37 107 000)	(33 872 000)	(47 022 000)	(21 295 588)
Udekket/udisponert	-	-	-	-

Budsjettskjema 2B		Budsjett 2014	Budsjett 2013 regulert	Budsjett 2013 opprinneleg	Rekneskap 2012
Prosj					
1280	Utskrifning av bilar	500 000	1 140 000	750 000	-
1438001	Olsvollstranda industriområde	1 300 000	1 300 000	-	1 574 177
1438002	Storsandvik	3 012 000	1 400 000	-	-
1521	Bygdebok	1 400 000	900 000	900 000	1 206 146
1529	Ungdommens hus	-	450 000	-	986 598
1530009	Radøyhallen - ny duk	-	1 000 000	1 000 000	-
1530010	Avfuktingsanlegg/varmepumpe	200 000	-	-	-
1530011	Terapibasseng	500 000	-	-	-
1583	Investering kyrkjer	250 000	250 000	250 000	700 000
1908020	VISMA Enterprise	1 250 000	-	-	-
1908045	IKT investering	700 000	-	-	-
1920	Mindre investeringar	1 200 000	700 000	700 000	-
2110003	Austebygd skule tak	-	1 300 000	1 300 000	-
2110004	Austebygd skule parkeringsplass	300 000	300 000	300 000	-
2130003	Manger skule utbygging	-	14 000 000	14 000 000	6 016 556
2190011	Radøy ungdomsskule	-	1 000 000	1 000 000	-
2712004	Bø barnehage oppgrad 2013	-	1 000 000	1 000 000	-
3210006	Velferdssenteret utvendig oppgradering	1 500 000	2 000 000	2 000 000	-
3220001	Heimetenesta - bilar	-	250 000	250 000	508 223
3220002	Heimetenesta - utvida lokale	2 275 000	200 000	200 000	-
3220003	Heimetenesta - garderober	-	300 000	300 000	-
3223001	Ny bil dagavdelinga	-	280 000	-	-
5202	Startlån (lån)	3 000 000	8 000 000	8 000 000	9 720 566
5210	Startlån (fond)	-	-	-	1 941 999
6101002	Rådhuset oppgradering	-	1 500 000	1 500 000	-
6101003	Oppgradering kinosal	-	100 000	100 000	-
6103001	Helsehuset ombygging	-	2 800 000	2 800 000	748 173
6108001	Kommunale bygg	150 000	-	-	-
6110001	Universell utforming	150 000	-	-	-
6150004	Innløysing tomter OvF	-	240 000	-	9 558 048
6190001	Branntekniske investeringar	1 000 000	500 000	500 000	-
6210004	Vassleidning Sæbøvågen - Vetås	-	-	-	-
6210005	Stigeleidning Halland - Lifjell	2 100 000	-	-	-
6210006	Hovudleidning Lifjell - Manger	2 500 000	-	-	-
6215005	Vassprosjekt 2012 - 16	-	9 400 000	9 400 000	-
6310005	Reneseanlegg Manger/sanering	6 200 000	3 200 000	3 200 000	-
6510002	Brannvernutstyr	220 000	-	-	-
6510003	Brannbil 2014	3 400 000	-	-	-
6700003	Oppgradering 2012-15	1 500 000	-	1 400 000	-
6700004	Kommunale vegar - bruer	-	500 000	500 000	-
6705001	Oppgradering kommunale bruer	1 500 000	-	-	-
6764	Trafikksikring	200 000	200 000	200 000	-
9000	Finanstransaksjonar	800 000	600 000	600 000	3 445 174
		37 107 000	54 810 000	52 150 000	36 405 660

nen går inn for å løyva kr 2 mill årleg dei neste åra til oppgradering.

I 2013 vart det løyvd kr 100.000 til innkjøp av «nye», brukte stolar til kinosalen, jf kulturplanen. Det er ikkje godt å vita når slike stolar kan vera i marknaden, og rådmannen finn det rett å ta ut løyvinga no, og heller nytta avsette midlar til mindre investeringar, dersom noko skulle «dukka opp» i løpet 2014 eller seinare år.

Oppgraderinga av **vegen til Storsandvik** er tidlegare vedteken gjennomført, jf budsjett 2013 og sak 051/13 i formannskapet. Arbeidet er kostnadsrekna til kr 3.012.000, og vert truleg starta opp like etter nyttår. Heile kostnaden kjem difor på 2014-budsjettet. Det er lagt til grunn at verksemdene som er lokalisert i Storsandvik gir tilskot til investeringskostnaden med kr 550.000.

Kommunen har ein stor bilpark, og det er stadig trong for **utskifting av bilar**. Rådmannen får fullmakt til å disponera denne posten.

Utskifting av **brannbil** har stått på økonomiplanen i 2014, og rådmannen går inn for å kjøpa ny bil i 2014. Rimeleg sikre estimat tilseier ein kostnad på 3,4 mill inkl mva for ein nøkternt utstyr brannbil, tilpassa våre behov.

Det er også trong for å montera ei pumpe på tankbilen som vert nytta ved brannutrykking. Vidare bør det personlege verneutstyret til brannmannskapa fornyast. Det vert lagt opp til utskifting over fleire år.

Ved **Olsvollstranda industriområde** har Radøy kommune teke på seg kostnader i samband med bygging av industriareal mellom aktørar, knytt til planering av areal. Kostnad er førebels uviss, men blir estimert til kr 300.000. Vidare vil kommunen få krav om anleggsbidrag frå BKK knytt til trafostasjon og kabling i området. Storleiken på dette kravet er førebels ikkje kjent. I budsjettet for 2013 var det sett av 1,3 mill, som ikkje har vorte nytta, og desse midlane må difor rebudsjetterast i 2014.

Det vert sett av kr 1,5 mill til **oppgradering av kommunale vegar** og 1,5 mill til **kommunale bruer** i 2014. I balansen er det sett av ca 292.000,- til vegar, og desse midlane skal nyttast til delfinansiering av desse investeringane.

Det har vore stor etterspurnad etter **startlån** i 2013, og ramma på 8 mill vert truleg nytta i løpet av året. Rådmannen skal innan utgangen av 2013 utarbeida nye retningsliner for tildeling av startlån, gjeldande frå 2014, der ein stramar inn på kriterium for kven som kan få slike lån. M.a. vil ein i større grad følgja Husbanken sine retningsliner. Det er enno uvisst korleis eigenkapitalkrava vert i 2014. Rådmannen legg til grunn at strammare retningsliner vil redusera etterspurnaden, og går inn for å ta opp 3 mill i lån til vidare utlån hjå Husbanken.

Hovudplan for vatn skal rullerast i 2014. Prosjektet Hallandsvatnet – Lifjell ligg inne i budsjettet for 2013. Anbudsfrist på prosjektet var 1. november, og det er ikkje sannsynleg med anleggsstart før i 2014. Heile prosjektet vert såleis teke med i 2014, med kr 2,1 mill. Endeleg kostnadsramme for prosjektet skal godkjennast av formannskapet. Dersom kostnadene går ut over kostnadsramma på 2,1 mill, skal kommunestyret godkjenna utvidinga.

Ilfllg **hovudplan vatn** skal det også byggjast ny hovudleidning Lifjell – Manger. Denne blir eit tillegg til eksisterande leidning. Etter hovudplanen skal prosjektet gjennomførast i 2013/14, men rådmannen går inn for gjennomføring i 2014. Kostnadsramme vert sett til 2,5 mill. Dette er estimat, basert på tala i hovudplanen. Endeleg kostnadsramme for prosjektet skal godkjennast av formannskapet. Dersom kostnadene går ut over kostnadsramma på 2,5 mill, skal kommunestyret godkjenna utvidinga.

Hovudplan for avlaup skal også rullerast i 2014. Hovudprojekta her er nytt hovudreinseanlegg på Manger og sanering Mangervågt. Rådmannen legg opp til at desse projekta vert sett i samanheng, og blir gjennomført i 2014. Samla kostnadsramme 6,2 mill. Dette er estimat, basert på tala i hovudplanen. Endeleg kostnadsramme for prosjektet skal godkjennast av formannskapet. Dersom kostnadene går ut over kostnadsramma på 6,2 mill, skal kommunestyret godkjenna utvidinga.

Det var i budsjettet for 2013 knytt ein merknad til den kommunale bustaden like ved Hordabø skule, der rådmannen skulle vurdere riving i løpet av 2013. Rådmannen har valt å sjå denne saka i samanheng med rulling av kommunedelplan for Bø.

Rubbhallen på Solendmyra er i dårleg forfatning, og vil neppe tåla ein skikkelig vinterstorm. Vi har ingen alternative lokale der vi kan plassera utstyret som er lagra der, og det må difor setjast opp ein erstatning for rubbhallen. Rådmannen ønskjer å vurdere alternative løysingar, og kan førebels ikkje setja noko kostnad på dette. Saka vert såleis å koma attende til i løpet av 2014.



Økonomiplan 2014 - 17

Økonomiplanperioden vert krevjande. Aukande rentenivå og noko auka avdrag gjer at utfordringane i 2014 vert forsterka i perioden.

I planperioden vert det konkret arbeidd med å redusera kostnadene innan helse- og omsorgstenestene med 1 mill. frå 2015.

Rådmannen vurderer det også slik at bygging av ny gymsal ved Manger skule må utsetjast til 2018, slik at ein held investeringskostnadene på lågast mogeleg nivå.

Desse tiltaka gir ikkje tilstrekkeleg innsparing til at økonomiplanen balanserer i perioden, og rådmannen legg difor opp til bruk av fond for å dekkja meirforbruket i 2016 og 2017. Rådmannen arbeider vidare med innsparingstiltak på alle område der det er mogeleg.

Skjema A og B basert på desse føresetnadene følgjer nedanfor.

Økonomiplan skjema 1A

	B 2013	B 2014	B 2015	B 2016	B2017
Skatt på formue og inntekt	(108 298 000)	(112 879 000)	(112 879 000)	(112 879 000)	(112 879 000)
Rammetilskot	(140 481 000)	(145 386 000)	(145 817 000)	(144 595 000)	(144 595 000)
Eigedomsskatt	(11 410 000)	(11 521 000)	(11 656 000)	(11 791 000)	(11 926 000)
Andre generelle statstilskot	(4 557 000)	(4 994 000)	(5 233 000)	(5 717 000)	(4 384 000)
Sum frie disponible inntekter	(264 746 000)	(274 780 000)	(275 585 000)	(274 982 000)	(273 784 000)
Renteinntekter og utbyte	(7 973 000)	(7 155 000)	(7 314 000)	(7 454 000)	(7 464 000)
Renteutgifter, provisjonar og andre fin:	6 358 000	6 951 000	7 766 000	8 995 000	8 886 000
Avdrag på lån iht låneoversyn	7 622 000	8 354 000	9 012 000	8 696 000	8 938 000
Netto finansinntekter/-utgifter	6 007 000	8 150 000	9 464 000	10 237 000	10 360 000
Til dekking av rekneskapsm. meirforbruk tidl. år					
Avsetjing til fond					
Bruk av fond				(1 219 000)	(600 000)
Netto avsetjingar	-	-	-	(1 219 000)	(600 000)
Overført til investering	4 579 000	-			
Til fordeling drift	(254 160 000)	(266 630 000)	(266 121 000)	(265 964 000)	(264 024 000)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	254 498 000	266 369 000	265 329 000	265 676 000	264 716 000
Meirforbruk (mindreforbruk)	338 000	(261 000)	(792 000)	(288 000)	692 000

Økonomiplan skjema 1B

	B 2013	B 2014	B 2015	B2016	B2017
Stab og politisk	23 310 000	22 694 000	22 859 000	22 724 000	22 924 000
Kultur, kyrkje, bibliotek, musikkskule	12 743 000	12 839 000	12 839 000	12 839 000	12 839 000
Oppvekst	100 740 000	102 429 000	102 429 000	102 429 000	102 429 000
Helse og omsorg	123 339 000	123 251 000	122 383 000	122 783 000	121 623 000
Plan, næring, teknisk	11 172 000	10 275 000	9 938 000	10 020 000	10 020 000
Reguleringspostar	(16 806 000)	(5 119 000)	(5 119 000)	(5 119 000)	(5 119 000)
Til skjema 1A	254 498 000	266 369 000	265 329 000	265 676 000	264 716 000

Økonomiplan skjema 2A

	B2013	B2014	B2015	B2016	B2017
Investeringar i anleggsmidlar	33 505 000	34 107 000	9 000 000	8 750 000	6 250 000
Utlån og forskutteringar	8 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Avdrag på startlån					
Udekkja i investering frå tidl. år					
Trong for finansiering i året	41 505 000	37 107 000	12 000 000	11 750 000	9 250 000
Bruk av lånemidlar	(32 812 000)	(32 207 000)	(10 670 000)	(10 260 000)	(8 260 000)
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	(4 500 000)				
Refusjonar og tilskot	(300 000)	(3 871 000)	(1 330 000)	(1 490 000)	(990 000)
Tilskot frå andre		(550 000)			
Andre inntekter	(187 000)	(187 000)	-		
Sum ekstern finansiering	(37 799 000)	(36 815 000)	(12 000 000)	(11 750 000)	(9 250 000)
Overført frå drift	(3 706 000)	-	-		
Bruk av avsetjingar		(292 000)			
Sum finansiering	(41 505 000)	(37 107 000)	(12 000 000)	(11 750 000)	(9 250 000)
Udekkja/udisponert	-	-	-		

Økonomiplan skjema 2B

Prosjekt	Sum 2013 -					
	2017	B 2013	B 2014	B 2015	B 2016	B 2017
Kyrkja	1 250 000	250 000	250 000	250 000	250 000	250 000
Bygdebok	2 300 000	900 000	1 400 000			
Radøyhallen oppgradering	3 500 000	1 100 000	700 000	700 000	1 000 000	
Brannteknisk	3 500 000	500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Universell utforming	600 000		150 000	150 000	150 000	150 000
Mindre investeringar	5 300 000	500 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
VISMA investering	1 250 000		1 250 000			
IKT inv	700 000		700 000			
Ungdommens hus	495 000	495 000				
Austebygd skule	1 600 000	1 300 000	300 000			
Manger skule	14 000 000	14 000 000	-	-		
Radøy ungdomsskule	1 000 000	1 000 000				
Bø barnehage, oppgradering	500 000	500 000				
Velferdssenteret utvendig utbetring	2 000 000	500 000	1 500 000			
Dagsenter	-					
Dagavdelinga - ny bil	280 000	280 000				
Prosjektering nye plassar	500 000				500 000	
Heimetenesta	2 575 000	300 000	2 275 000			
Heimetenesta - bilar	250 000	250 000				
Avlastinga bil	200 000	200 000				
Kommunale bustader	150 000		150 000	-		
Helsehuset	7 000 000	1 000 000		2 000 000	2 000 000	2 000 000
Rådhuset	1 500 000	1 500 000				
Kinosal oppgradering	-	-				
Storsandvik	3 212 000	200 000	3 012 000			
Utskifting av bilar	3 140 000	1 140 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Ny brannbil	3 400 000		3 400 000			
Brannvernstyr	520 000		220 000	100 000	100 000	100 000
Kommunale vegar oppgradering	5 000 000	500 000	1 500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Kommunale bruer oppgradering	1 500 000		1 500 000			
Startlån	20 000 000	8 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Kjøp tomter OVF	240 000	240 000				
Olsvollstranda industriområde	1 300 000	-	1 300 000			
Vassprosjekt	11 600 000	5 900 000	4 600 000	1 100 000		
Kloakk oppgradering iflg handlings	6 200 000	-	6 200 000			
Trafikksikring	1 000 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Eigenkapitalinnskot KLP	4 050 000	750 000	800 000	800 000	850 000	850 000
Sum investering	111 612 000	41 505 000	37 107 000	12 000 000	11 750 000	9 250 000

Tilleggspunkt vedtekne av kommunestyret

- Formannskapet ber rådmannen utgreia oppgradering av gymsalen på Manger skule.
- Formannskapet er kritisk til kostnadsutviklinga i interkommunale tiltak og ønskjer at medlemskommunane går saman om ein gjennomgang av ressursbruken i somme av dei.

Kommunestyret vil peika på følgjande:

1. Satsing på barn og unge. Radøy vil i 2014 ha stor auke i barnehagetilbodet, og mindre endring i elevtalet. Kvalitetsutvikling i skulen er sentralt, og me merkjer seg spesielt at rådmannen seier at nedtrekket på skule er både forsvarleg og realistisk (men stramt). Me er nøgd med at det ikkje vert gjort større endringar midt i skuleåret. Me understrekar at Kvalitetsstyringssystemet «La Linea» har høgste prioritet.
2. Analyse av MOT m.m. Me ber rådmannen ikkje seia opp MOT-medlemskapen på noverande tidspunkt, men først foreta ein grundig analyse av kva program som har størst effekt for unge sin trivsel i Radøy. MOT er eitt program, det finst andre også, og me ber rådmannen drøfta og vurdere kost/nytte av kva program som gjev best effekt i Radøy (m.a. MOT, Olweus, Ren idrett, Trivselsleiar). Me merkjer seg at eit av føremåla ved innføring av MOT var reduksjon i mobbing. Dette har ikkje hatt tilfredsstillande utvikling. Me ber også rådmannen vurdere ressursbruken på slike ungdomsretta miljøtiltak – inkludert om ungdomsskoordinator kan ha større rolle. Analyse og tilråding vert lagt fram for politisk nivå før endeleg avgjerd om kva program Radøy skal nytta.
3. Helse- og omsorg. Radøy har vedvarande høgt aktivitetsnivå innan helse- og omsorgssektoren, likevel har sektoren fått eit betydeleg budsjettnedtrekk.

4. Medlevarturnus. Me er tvilande til rådmannen sitt framlegg til endringsoppseiing av medlevarturnus er mogleg (jfr.signal frå Kompetansesenteret), og ber rådmannen koma med grundig analyse på saka, og vurdere andre tiltak for tilsvarande kostnadsreduksjon. Å effektivisera sjølve turnusordninga er me likevel opne for.

5. Effektiv administrasjon. KOSTRA-tal viser at Radøy har låge administrasjonskostnader. Me står ved formannskapet si samla tilslutning til rådmannen sitt notat om omorganisering frå oktober 2012, og understrekar at hovudårsaka til endringa er gjennomgåande leiing,- ikkje administrasjon. I tronge tider krevst god leiing. Me merkjer seg at rådmannen meiner at utover nedtrekket på administrasjon i 2014, kan vurderast yttarlegare nedtrekk frå 2015. Me meiner at rådmannen bør sjå nærare på administrasjonskost innan Teknisk drift/plan-byggesak.

6. Investeringsbudsjett: Me endrar ikkje investeringsbudsjettet no. Posten mindre investeringar vert som vanleg vurdert når det oppstår behov i løpet av året. Me viser til at det i tråd med områdeplan Manger og Bø kan dukka opp investeringsbehov, det same ved områdeplan Olsvollstranda. Me understrekar behovet for utbyggingssavtalar og tiltak/kostnadsansvar for alle planar og at desse vert gjort på tidleg nivå, slik at ein hindrar misforståingar rundt ansvar/kostnadsfordeling.

Kommunestyret meiner at budsjettarbeidet for 2014 og økonomiplanperioden ikkje er ferdigstilt med vedtaket 5. desember. Kommunestyret meiner at formannskapet og rådmannen må arbeida tett saman om budsjett og tiltak i 2014. Kommunen står overfor store økonomiske utfordringar i åra som kjem. Rådmannen må kjenna

at han har kommunestyret si tillit og handlingsrom i ein krevjande budsjett-situasjon, og budsjettrevisjonane 2014 vert viktige justeringspunkt. Kommunestyret vil framheva at ein arbeider for å effektivisera det politiske arbeidet der det er mogleg. Dette kan til dømes vera møteutgifter – eksempelvis kan ein ha færre, men lenger møte, eller kombinera fleire møte på same dag.

Kommunestyret vil sjå på kostnadssparande tiltak også i politisk og administrativ behandling.

